

Innanfor den såkalla post-strukturalismen har det gått føre seg ein ofte vanskeleg tilgjengeleg, men like fullt svært fascinerande produksjon av teori og analyse som har reflektert over menneskets vilkår som språkleg vesen. Julia Kristeva har markert seg sterkt i dette miljøet, og har bl.a. henta impulsar hjå den psykoanalytiske teoretikaren Jacques Lacan, ein av post-strukturalismens sentrale figurar. Det følgjande er – i kortform – eit forsøk på å få eit grep om nokre sentrale kategoriar i Kristevas teksteori, synet hennar på tilhøvet mellom subjekt og språk, og det lacanske psykoseksuelle grunnlaget det kviler på, samt å sirkle inn nokre implikasjonar for det kreative aspektet i kunstnarens språkpraksis. Siktemålet er pragmatisk: å freiste gi nokre knappe haldepunkt i generelle termar som utgangspunkt for litterær analyse.

For Julia Kristeva er i prinsippet alt språk *poetisk*, dvs. det ber i seg element som plasserer seg i spenningsfeltet mellom den symbolske og den semiotiske «disposisjonen» («innstillinga») i språket og i det talande subjektet.¹ For Kristeva (som for læremeisteren Jacques Lacan) er språkets *symbolske disposisjon* den ordnande, strukturerte, autoritære og «tvangsmessige» krafta i språket – det er den som har med *teikn*-relasjonane å gjere. Den symbolske disposisjonen gjer eit kommunikat homogent og strukturert, og er for så vidt den «lukkkande» dimensjonen i ein tekst. Dette er dei sosiale og kulturelle teiknsystemas kategori, og med referanse til ein psykoanalytisk tematikk kallar Kristeva den språkets *paternal-ske disposisjon*: Det er den språkindividualitet må inn i for å kunne symbolisere og fungere som sosialt individ etter den ugjenkallelige åtskiljinga frå mora.

På den andre sida står språkets *semiotiske disposisjon*. Den har ein heterogen, splittande verknad på teksten, og dei språkelementa som knyter seg til den, er dei meningssprengejande, men samstundes dei meningssskapande – rytme, intonasjon, lyd- og nonsenseffektar, «uforståelege», ofte audmjukande gjentakingar, hallusina-

NLA, Oslo, 1985 (red. Møhle/Mork)

sjonar, fantasiforestillingar, vitsar, osv. Dette elementa baserer seg ikkje på gjennomskjete referansefunksjonar, og «betyr» ikkje noko umiddelbart, men *skaper* likevel ny mening. Kristeva ser det semiotiske i samanheng med språksubjektets instinkt og drifter, knyter det til kroppen og til det utviklingsstadiet der menneskebarnet er nærast knytt til mora – der mor og barn så å seie går i eitt: tida gjennom Lacans «reelle stadium» fram til «speilstadiet» (ved frå 6 til 18 månader), der barnet må begynne å symbolisere i eit sosialt teiknsystem. Kvart språksubjekt ber ifølgje Kristeva i seg eit slikt «moderleg arkiv» med minne frå det før-språklege – anten ekstatiske, lykkelege, eller også såre, vonde, traumatiske – og desse kan altså dukke opp i språket i form av effektar som dei eg har nemnt.

Eit *talande subjekt* er difor eit splitta subjekt – eller det Kristeva kallar «a subject-in-process», som i språk og handling bevegar seg mellom desse to disposisjonane i språket – på høgst ulikt vis. Språkpraksis er ein kamp mellom desse disposisjonane; det ser ein særleg i kunstnarens språk, der det heterogent-semiotiske ofte er særleg framtrekande. Her går det føre seg ein prosess mellom rytme og system, nonsens og mening, repetisjon og referanse – også her på ulikt og individuelt vis. Ifølgje Kristeva er det etisk nødvendig at denne kampen går føre seg, at særleg kunstnarane går til åtak på og bryt ned dei symbolske, stivna og lukka sosiale teiknsystema. Det gjer dei på framifrå vis når dei vågar seg *bakom* teikna, vågar å følgje språkets lydlege og materielle aspekt, følgjer fortregnde minnespor som stadig dukkar opp, osv. – kort sagt ved å utforske det som er fortregnt og undertrykt i det symbolske, autoritære språkssystemet. Sidan desse semiotiske elementa ifølgje Kristeva er *maternal-ske*, er kunstnarens praksis «incestuøs»: Kunstnaren tileignar seg mora (igjen), freistar gjenskape ein totalitet av *nærvære* (ein relasjon til «tinga») som teiknfunksjonane og symbolspråket har tatt frå oss.

Kristeva set denne språkets semiotiske disposisjon i samband med *det ubevisste*, og hevdar at dei semiotiske elementa er knytte til og avhengige av kroppens instinktuelt drifter. Det er difor viktig for (tekst)analysen å «lytte seg» fram, gjennom rytmen og gjentakingane, for å finne det underliggjande språket – for: Det ubevisste er også strukturert som eit språk.

Denne innsikta har Kristeva henta frå sitt eige arbeid som psyko-

analytikar, men òg frå sitt studium av Jacques Lacan og hans teori om subjektets psykoseksuelle utvikling.² Hjå Lacan startar menneskebarnet si utvikling i *det reelle stadium*, der det har ein symbiotisk relasjon til mora, er i «småbitar» så å seie, går i eitt med henne. Her har barnet (enno) ingen identitet – den er betinga av språket! – det har berre reint fysiske/fysiologiske eller tinglege *behov* som skal tilfredsstillast, og det eksisterer i samsvar med kroppstrytmen. Dette stadiet varer frå byrjinga og fram til om lag 6 månader etter fødselen.

Etter kvart opplever barnet at det er skilt frå mora; det opplever fråvære, men ønskjer eit vedvarande nærvære. Dette skjer i *det imaginære stadiet* («speilstadiet»), mellom 6 og 18 månader etter fødselen. Subjektet tar her til å spegle seg i biletet åt Den/Dei Andre, og det begynner å *krevje* meir enn dei tinga som gir fysisk tilfredsstilling. Det krev no nærvære og kjærleik (av mora). Såleis blir tinga brått meir enn ting; dei blir til ambivalente teikn på hat og kjærleik. Når mor no kan vere både god og vond, oppstår det i barnet både aggressive impulsar overfor teiknet, og ei (skuld)kjensle av tap, mangel – ei «sorg» som er føresetnaden for barnets ønske om (regressiv) gjenoppretting av den tapte totaliteten av nærvære. I dette stadiet tar symbolfunksjonen så smått til å gjere seg gjeldande: Barnet må utvikle symbol for mora når ho er fråverande.

Denne nærvære/fråvære-relasjonen (om ein vil: eit vere eller ikkje-vere) endrar seg så etter kvart til eit forhold mellom det å ha og det å ikkje ha: Snart oppdagar barnet at det ikkje er moras einaste kjelde til lyst – for her dukkar faren opp, og han har noko som barnet ikkje har. Det faren har, har subjektet først lyst til å vere: fars/mors fallos – for slik å kunne vinne seg tilgang til eit paradisisk tilvære i mors liv igjen. Når subjektet erfarer at dette er eit umulig ønske, utviklar det så lysta til å få det faren har – det oppdagar at vegen til mors rike går gjennom fars fallos. For å kunne oppnå dét, må menneskebarnet ifølgje Lacan tileigne seg språket og dets falliske orden: Lacan hevdar nemleg at symbolspråket nettopp er fallisk. Det kan ein lettast forstå om ein oppfatar fallos som symbol eller merke på *forskjell*, som jo er språkssystemets fremste karakteristikum, og på noko endeleg, åtskilt, verande-i-seg-sjølvs – i motsetnad til nærvære, tetthet, heterogenitet.

Men her er subjektet på veg inn i *Den Symbolske Orden*, der det må overta og underordne seg det eksisterande språkssystemet og *symbolisere* sine ønske for fullt. Denne tileigninga av Språket inneber hjå Lacan at menneskebarntet blir underlagt Farens Lov, Den Store Andre. Og språket, Farens Lov, er *framandgjerande* og *drepende* fordi subjektet må la seg forme i Dei Andre sitt bilete og undertrykkje egne lyster for å kunne tileigne seg dette språket. Som eg har vore inne på, er denne prosessen konfliktfylt og ambivalent. Den fører med seg aggressive og destruktive impulsar, men samstundes «sorg» og skuldkjenlsje over avspaltinga og tapet av nærværet. I *kunstnarens* språkpraksis er det til sjuande og sist denne ambivalensen som danner grunnlaget for det skapande aspektet, som omfattar spor både av eit aggressivt og destruktivt nivå i det ubevisste («dødsdrift»), og på den andre sida ei bearbeiding av sorga gjennom ei (regressiv) gjenoppretting av ein ny nærvære-totalitet («livsdrift»).³ Begge desse nivåa vil i Kristevas termar representere språksubjektets semiotiske disposisjon.

I Den Symbolske Orden er subjektet likevel så definitivt åtskilt, men det er splitta. Gjennom heile livet held det fram med å krevje ein totalitet og å ønskje tilfredsstilling for sine behov. Kravet er absolutt, vi krev at alt og alle skal vere noko for oss. Behova er partikulære, dei rettar seg mot spesielle lystobjekt. Men i kløfta mellom krav og behov begynner subjektet i det symbolske stadiet å *begjære*: begjæret er både absolutt og partikulært, seier Lacan. Det er eit begjær etter tilfredsstilling av spesielle ønske og lyster. Men først og fremst er det eit begjær etter *anerkjenning* for det subjektet no er blitt – eit menneske som inst inne «veit» at det er åtskilt og som kjenner grensene for sin eksistens, men som difor er nøydd til å ønskje å bli noko *meir* enn det det er! Begjæret er altså ei søking etter anerkjenning av eins begjær, og subjektet rettar det mot andre menneske, det søkjer Den Andres symbolske anerkjenning.

No må subjektet meistre teiknrelasjonane. Behov blir forvandla til krav, og krav til begjær i og med at dei må passere gjennom den såkalla signifikant-rekkja – gjennom teiknberarane som er blitt «pådytta» oss av Dei Andre innanfor det menneskelege kollektivet. Det som før var reelt og hadde med ting og nærvære å gjere, må no formidlast språkleg, som teikn. Det må gjerast nærverande ved hjelp av teikn – så langt det går an! For språkets nærvære er

eigentleg eit frávære av ting, all den stund språket berre på eit utstrekkeleg vis gjer nærverande det vi aldri kan nå. Når ein meistrar dette paradoksale spelet, erkjenner ein at ein er åtskilt, endeleg, «kastret», *dødeleg* – men det er inga enkel erkjenning å komme fram til. Som begjærande språksubjekt støyter ein stadig på dette uovervinnelege hinderet, denne «veggen» som språket og teikna danner, og som stengjer oss ute frå det reelle nærværet, frå vår biologi, vår «menneskelege natur» – frå det vi ein gong var skapte til, men ikkje skulle få ha.

Med dei minnespor subjektet har frå det reelle og det imaginære, fører dette til at det stadig «forsnakkar» seg, seier meiningslause eller banale ting, blir aggressivt, utelet eller støtt krinsar om dei samme orda, eller set seg i den samme audmjukande situasjonen overfor andre gong etter gong i sitt møte med det autoritære, symbolske Språket – i ein stadig konfrontasjon mellom rytme (gjentakning) og symbolspråk. Her pressar det ubevisste – og det semiotiske – seg fram. Det er denne kampen mellom lysttilfredsstilling og den framandgjerande og drepende, men like fullt nødvendige underkastinga under dei sosio-kulturelle kodane (språkkodane i vid forstand) Kristeva studerer. Ho er opptatt av dei prosessane som ligg til grunn for og som nedfeller seg som «begjær i språket».⁴

Det uendelege begjæret kan imidlertid aldri tilfredsstillast fullt ut. Når begjæret etter kjærleik, nærvære og anerkjenning ikkje blir innfridd – og det hender som vi veit ofte – blir det presset vi øver mot språkmuren når vi stadig stangar mot han, uttrykk ikkje berre for ein trong til gjenoppretting, men òg for ei «dødsdrift» – ei drift i retning av det som set grensa for våre liv og gjer oss til endelege vesen.

Det som har måtta fortregjast i kampen med Språket – det reelle, nærværet, og dels det imaginære – *vender tilbake*, gjentek seg som tette ting-teikn (som «nærverande gjenstandar» så å seie), som spor av det ubevisste. Relatert til kunstnarens tekstpraksis, skjer det paradoksalt nok anten i form av «heslege», aggressivt øydande impulsar, eller òg i form av det poetisk «vakre» som prøver å gjenreise ein tapt heilskap. Begge impulsar er semiotiske, repetitivt insisterande i sitt vesen, og stiller seg på tvers av det homogene, logisk-kommunikative falliske symbolspråket.

Det semiotiske framtrer såleis på den eine sida i «dødsdriftas»

destruktive kamp mot Språkets og autoritetens struktur i den forstand at dens «heslege» og aggressive impulsar stangar mot det språkmuren ein trass alt må akseptere for å kunne leve eit liv i eit sosialt, menneskeleg kollektiv. Men paradoksalt nok er det semiotiske samstundes impulsar for ei «livsdrift» som gjennom det uendelege begjæret etter anerkjenning søkjer å gjenskape ein totalitet av nærvære i *sin* kamp med det framandgjerande symbolspråket. Slike regressive impulsar kan vise seg å vere kreative når dei maktar å bryte gjennom i språket og bli kommunikative. Det er ei slik både destruktiv og gjenopprettande rørsle Julia Kristeva har i tankane når ho ser diktet både som «rhythm, death, and future [anterior]».⁵

Begjær som «livsdrift», det ubevisstes insistering på gjenreisninga av ein tapt heilskap, vil samstundes røre ved dei øydande fantasimpulsane som har sitt ubevisste utspring nettopp i tapet og fráværet. Ein måte å freiste få eit grep om desse komplekse fantasmatiske prosessane på, er – som Kristeva – å sjå dei på bakgrunn av menneskets bestemming som språksubjekt, og å sjå Språket som ein sentral faktor i avspaltinga: Ved den sosialt nødvendige språkinnlæringa (underkastinga under dei «pådytta» teikna og kollektive språkkodane) oppstår det konflikt og kamp mellom det lukkannde og det opnande, det symbolske og det semiotiske, det homogene og det heterogene. I denne kampen med det symbolske, logisk-kommunikative språket framstår både begjæret og «dødsdrifta» som energi som freistar å løyse opp språket, og den kollektive, etablerte Meaning og Sanning.

Slik synest Kristeva å forstå desse prosessane. Ei tilsvarande innsikt ligg òg nedfelt i tekstane åt ei rekkje forfattarar, som gjennom sitt motsetningsfylte arbeid med språket maktar å få dei fantasmatiske prosessane til å framstå som problem i ei kommunikativ handling.⁶

NOTAR

1. Jf. t.d. framstillinga i «From One Identity to an Other», i Kristeva 1980, ss. 124-147.
2. Jf. introduksjonen til Lacan i Soleim 1983.
3. «Dødsdrift» og «livsdrift» er svært problematiske og mykje omdiskuterte omgrep i psykoanalytisk teori. Eg brukar dei i eit pragmatisk ærend, utan å ta stilling til deira teoretiske status. For ei drøfting av omgrepa, sjå t.d. Kittang 1982, og Laplanche/Pontalis 1973.
4. Jf. boktittelen i Kristeva 1980.

5. «The Ethics of Linguistics», i Kristeva 1980, ss. 27, 32, et passim.
6. Tarjei Vesaas er etter mitt syn ein av dei. Eg har forsøkt å late tekst og det eg har kalla «post-strukturalistisk» referanseramme møte kvarandre i ein artikkel om *Bleikeklassen* av Tarjei Vesaas. Denne analysen er trykt ein annan stad i årboka.

LITTERATUR

- Kittang, Atle 1982: «Mellom psykoanalyse og diktning. Eit bidrag til formidling», i *Vinduet* Nr. 1, 36. årgang, Oslo 1982
- Kristeva, Julia 1980: *Desire in Language. A Semiotic Approach to Literature and Art*, ed. by Leon S. Roudiez, Oxford 1980
- Lacan, Jacques 1973: *Det ubevisste sprog. Psykoanalytiske skrifter*, red. av Per Aage Brandt et al., København 1973
- Lacan, Jacques 1982: «Desire and the Interpretation of Desire in Hamlet», i *Literature and Psychoanalysis. The Question of Reading: Otherwise*, ed. by Shoshana Felman, Baltimore/London 1982
- Laplanche, J./Pontalis, J.-B. 1973: *The Language of Psycho-Analysis*, London 1973
- Soleim, Kjell R. 1983: «Det imaginære, det symbolske og språket. Introduksjon til noen hovedpunkter hos Jacques Lacan», i *Eigenproduksjon* Nr. 18, red. av Jarle Bondevik et al., Nordisk institutt, Univ. i Bergen 1983